Referat frå FAU-møte

Dato: Tysdag 10. mars 2026

Tid: Kl. 17.30

Stad: Kantina på skulen

Tilstades: Ingrid Asdahl, Dag Henning Sørbø, Liv Jorun Sandvik, Cato Haugen, Rune Landsverk, Silje Midtbøen Fønnebø, Guro Grytli Seim, Kamilla Minde og Gjermund Sivertsen.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling og referat vart godkjent. Det vart merka at saker no vert delte i klassegruppene, noko som gjev foreldra ein god moglegheit til å kome med tilbakemeldingar. Referat blir alltid publisert på nettsida til skulen. **Vedtak:** Godkjent.

Sak 2: Oppfølging frå rektor

Rektor orienterte om spørsmål frå førre møte:

- Skulemat: Det er sett av 150 000 kroner i budsjettet til skulemat, dette gjeld primært ungdomsskulen som får lunsj. Mellomtrinnet og småskulen får frukt. Det vert stilt spørsmål om det politiske vedtaket omfattar heile skulen eller berre ungdomstrinnet. FAU-leiar og rektor har undersøkt etter møtet: Stortinget vedtok i 2024 å innføre gratis skulemåltid i grunnskulen frå 2026. Det er ein opptrappingsplan frå 2026, men det tyder ikkje at alle skular eller kommunar startar i 2026. Regjeringa har heller ikkje sett av midlar i statsbudsjettet.
- **Dugnad:** Rektor etterspør lista frå førre dugnad. Konklusjon**:** Guro avklarar og legg ein plan saman med teknisk etat i kommunen om kva foreldra kan bidra med. Ein annan føresett utanfor FAU er også med og kjem med kreative idear. Utearbeidsgruppa (med lærarrepresentant) skal også gje innspel. Det er ønskjeleg med eit par ulike dugnadsdatoar slik at flest mogleg kan delta.

Sak 3: Forslag til vedtekter for FAU

Forslag til nye vedtekter vart presentert. **Vedtak:** Saka må jobbast vidare med på neste møte. Det må avklarast behov for teieplikt, tidspunkt for val av foreldrerepresentantar, og eit ønskje om at alle klassar gjennomfører foreldremøte før haustferien.

Sak 4: Digital rettleiar

Arbeidet med ein digital rettleiar er i gang, og eit førebels utkast er klart. **Konklusjon:** Ei gruppe jobbar vidare med rettleiaren, som skal utformast som ein brosjyre. Rektor sender oversikt over skulen sine reglar for skjermbruk og sosiale medium til Guro. FAU kjem med endelege innspel på neste møte. Alle representantar må leseutkastet før neste møte og kome med innspel i forkant eller i møtet. Før ferdigstilling skal klassane få kome med innspel via FAU-representantane.

Sak 5: Elevrådet – nokre spørsmål frå 7. klasse

Det kom eit par spørsmål frå 7. klasse, mellom anna om det vert ført referat frå møta og om saker blir følgde opp. Rektor orienterte om at han deltek på nokre av elevrådsmøta. Sjølv om ikkje alle saker får gjennomslag, vert viktige saker følgde opp, sjølv om økonomiske avklaringar kan ta tid. Eit døme på dette kan vere ballfangarnett rundt ballbingane. Dette vert no følgt opp – sjå sak om uteområde.

Rektor undersøkte i etterkant kring referat, og det stadfestast at det alltid vert ført referat.

Sak 6: Avslutningsfest 10. klasse – disposisjon av midlar

Saka vart innleia av representanten. Spørsmålet dreier seg om kven som skal avgjere bruken av innsamla midlar i klassekassa. **Konklusjon:** Det er foreldra på foreldremøtet som avgjer kva pengane i klassekassa skal brukast til. Status på saldo kan fås ved å kontakte kasseraren i den aktuelle klassen.

Sak 7: Uteområdet

Det vart gjennomført befaring på mellomtrinnet og ungdomsskulen 10. mars.

- Det er ønskeleg at ballbingane skal få nytt dekke og nye nett. Dette vil bli kostbart, og vi skal forsøke å søkje midlar i samarbeid med KIL. Det er høgst usikkert om det blir mogleg å få tak i nok midlar.
- Elevane ønskjer seg eit stort klatrestativ, men dette er òg svært kostbart (rundt 500 000 kr pluss montering og grunnarbeid).
- Det må søkjast om meir midlar, og dette er prosessar som tek tid. Dersom dette skal gjennomførast, må foreldre på mellomtrinnet og ungdomsskulen engasjere seg. FAU ønskjer at foreldre utanfor FAU engasjerer seg. Foreldre som vil bidra, blir bedne om å seie frå til FAU-leiar Guro (guro.g.seim@gmail.com).

Sak 8: Eventuelt

- **System for vipps for 17.mai-komiteen:** Det er behov for eit betre system for handtering av 17.mai-pengane.
    - *Konklusjon:* Kamilla undersøkjer ulike løysingar til neste møte.
- **Felles e-post til FAU:** Det kom spørsmål om FAU bør ha ein eigen e-post.
    - *Konklusjon:* FAU ønskjer at saker primært skal gå via klassekontakt/representant før dei kjem til FAU. Dette er eit viktig poeng for å fremje samarbeid i klassane. Enkeltsaker eller personalsaker skal takast direkte med skulen.